# Fedje kommune

**Fellestenester**

Fedje Island As
Stormarkvegen 4
5947 Fedje

| Referansar: | Sakshandsamar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Kristin Handeland | 12.06.2023 |
| Vår: 23/15 - 23/3214 | kristin.handeland@fedje.kommune.no | |

# Tilleggsløyve til enkelthøve skjenkeløyve 17.06.23

Administrativt vedtak. Saknr: 027/23

**Saksutgreiing:**
Fedje Island AS søkte 24.05.2023 om enkelthøve skjenkeløyve 17.06.2023. Fedje Island AS fekk 01.06.2023 einskilthøve skjenkeløyve gitt i delegert vedtak 025/23.
Vest politidistrikt har hatt søknad om enkelthøve skjenkeløyve frå Fedje Island AS til uttale, politiet hadde ingen merknader til søknaden. Søknaden omhandla «Naustet» i Kremmarholmen. I løyve gjeve frå kommunen står det at løyvet berre skal nyttast innomhus, det som søkjar på si side og kommunen på si side ikkje tenkte på i fyrste omgang er at inne i lokala er det utgang til ein liten terrasse/altan. Dette fører til at terrassen/altanen vil kunne oppfattast av gjester som ein del av lokalet. For at det skal vera eit oversiktleg skjenkeområde for dei som skal servera, vakter, skjenkekontroll og gjestar vert det gjeve eit tilleggsløyve som og omfattar terrassen/altanen.
Vest politidistrikt er varsla om tilleggsløyvet.

**Vedtak**
Fedje Island AS får tilleggsløyve til enkelthøve skjenkeløyve 17.06.2023 frå klokka 1800 til klokka 0100. for terrassen/altanen i «Naustet» i Kremmarholmen. Løyvet omfattar alkoholgruppe I, II, III. Styrer for løyvet er Otto- Andre Nordby.

Med helsing

Kristin Handeland
Leiar fellestenester/kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Einskildhøve skjenkeløyve 17.06.2023
Tilleggsinformasjon om enkelthøve skjenkeløyve 17.06.2023

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fedje Island As | Stormarkvegen 4 | 5947 | Fedje |
| Otto-Andre Nordby | Flundrevågsvegen 15 | 5947 | Fedje |